

**KONTROLLUTVALET I
SANDØY KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 17. september 2018, kl. 15.45

Møtestad: Sandøytunet

Møtet vart leia av Svein Ove Søholt

Elles til stades:

Nils Erling Finnøy, Liss Anniken Hagen og Janne Falch (vara).

Anne Elin Harnes hadde meldt forfall.

Ikkje meldt forfall: Jan Kåre Brunvoll

= 4 voterande

Møtet starta med ei synfaring på nye Sandøytytun.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte Svein Ove Otterlei og Lillian Kristoffersen.

Frå administrasjonen møtte rådmann Anny Sønderland. Einingsleiar Ann Kristin Røyset
møtte i samband med omvisninga på nye Sandøytytunet.

Innkallinga vart godkjent og det var ingen merknader til saklista. Leiar Svein Ove Søholt
meldte inn ei sak under eventuelt.

Sak 15/18 - Godkjenning av møtebok frå 18.06.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 18. september 2018 blir godkjent

Sak 16/18 - Prosjektplan frå Kommunerevisjon 3 til Forvaltningsrevisjon.

Sakspapirer datert 10. september 2018 frå Kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet igangsetjar arbeidet med ein forvaltingsrevisjon av arbeidsmiljø i Sandøy
kommune i henhold til vedlagte prosjektplan.

Sak 17/18 - Budsjettforslag 2019 for Sandøy kontrollutval.

Sakspapirer datert 10. september 2018 frå Kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 45.000,-

Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2019 men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr Forskrift om kontrollutvalg i kommuner, § 18 budsjettbehandlingen.

Sak 18/18 - Orientering frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.

Sakspapirer datert 10. september 2018 frå Kontrollutvalsekretariatet. Saka vart lagt fram utan innstilling til vedtak.

Leiar fremma på vegna av kontrollutvalet fylgjande forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tar orienteringa til vitande.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tar orienteringa til vitande.

Eventuelt:

Leiar Svein Ove Søholt gav utvalet ei orientering om problemstillingar knydd til kommunen sine rutinar kring postjournal og § til forvaltingslova 13.1 (teieplikt). Dette gjaldt spesielt i tilsetjingssaker (sjå vedlegg til møteboka for heile problemstillinga fremja av leiar).

Kontrollutvalet gjorde fylgjande vedtak på bakgrunn av leiars orientering:

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber rådmann kome tilbake på neste møte med ei skriftleg utgreiing på rutinar i tilsetjingssaker.

Møtet vart avslutta kl. 17.40. Neste møte vart avtalt til mandag 26. november kl. 15.45

Svein Ove Søholt leiar (sign.)	Nils Erling Finnøy nestleiar (sign.)	Liss Anniken Hagen medlem (sign.)	Janne Falch varamedlem (sign.)
--------------------------------------	--	---	--------------------------------------

**Kontrollutvalet i Sandøy
Møtedato 17.09.2018**

Sak under eventuelt.

**Spørsmål til Rådmannen vedkomande
Postjournalen og bruken av forvaltningslova §13.1.**

– kva rutiner er etablert for bruken av denne paragrafen for tilsetjingssaker?

Den siste tida, og sikkert tidlegare også, blir forvaltningslova §13.1 flittig brukt i postjournalen i samband med søkerader på jobb - om kven som har søkt, søkerlistene, kven som har fått stillingene og svar på søkeradene.
Dette er heilt frå tilkallingsvikarer, fagarbeider, miljøterapaut, sosiallærar, konsulent og avd.ingeniør for å nemne nokre.
Likeså blir §13.1 brukt for krav om fast stilling, arbeidsavtalar, spørsmål om arbeidsforhold og endring i stillingar.

Forvaltningslova §13 (taushetsplikt).

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan, plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han i forbindelse med tjenesten eller arbeidet får vite om:

- 1) Noens personlige forholde, eller tekniske innretninger og fremgangsmåter samt drifts- eller forretningsforhold som det
- 2) Vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den som opplysinga angår.

Som personlige forhold regnes ikke fødested, fødselsdato og personnummer, statsborgerforhold, sivilstand, yrke, bopel og arbeidssted, med mindre slike opplysinger røper et klientforhold eller andre forhold som må anses som personlige.

Offentlegheitslova §25 - Unntak for tilsetjingssaker, lønnsoppgåver m.m.

Det kan gjerast unntak frå innsyn for dokument i sak om tilsetjing eller forfremjing i offentleg teneste.

Unntaket i første ledd gjeld ikkje søkeradister. Organet skal snarast etter at søkeradstiden er gått ut, setje opp ei søkerliste som skal innehalde namn, alder, stilling eller yrkestittel og bustad- eller arbeidskommune for kvar søker. Det kan likevel gjerast unntak frå innsyn for opplysinga om ein søker dersom vedkomande sjølv ber om det. Ved vurderinga av om ei slik oppmoding skal takast til følgje, skal det leggjast vekt på om det knyter seg særleg offentleg interesse til stillinga. I utlysinga skal det gjerast oppmerksam på at opplysinga om søkeren kan bli gjort offentleg sjølv om søkeren har oppmoda om ikkje å bli ført opp på søkerlistan. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkeren varslast om dette. Det skal gå fram av søkerlistan kor mange søkerar det har vore til stillinga, og kva kjønn dei har. Unntaket i første ledd gjeld ikkje nominasjonsvedtak og røysteresultat ved utnemning av biskop.

**Svein Ove Søholt
-leiar av kontrollutvalet i Sandøy.**